

[← strilen.no](#)**Strilen**

Kvitt, kaldt og artig på førjulskarusell

Det var ikkje varmt, men det var kjekt for dei som møtte opp til førjulskarusell på Eikanger laurdag. I tradisjonen tru like før jul, var det også ein del nissar, iallfall nissehuer, som hadde tatt turen for å trimme litt.

Av **Erlend Nordland Kristiansen**

Oppdatert i går 20:36

Idar Odland vann herreklassen på 6.45, Grethe Jørgensen vann dameklassen på 8.21. Alle, enten dei gjekk eller sprang, såg uansett ut til å kose seg. *Bla gjerne ned for å sjå bilde.*

FAKTA

Vinterkarusellen 10. desember 2022 – resultat

LES MER ↓





Strilen måtte berre springe bort å knipse eit bilde av desse to med nissehue, Maria Lyngvær Auran (til venstre) og Solveig Odland, som dissa i det kalde vêret.





Dei to var på dagstur på landet og bur egentleg i by'n. Og dei visste å lage show når lokalavisa først møtte opp. – Sjå kva vi fann då vi gjekk runden, seier Solveig og viser ein giga-istapp. Hadde den vore ein meter til, så hadde vi rydda fronten på avisa.



Wow, her går det for seg. Tøffe tak å vere venninner.





Desse nissane heiter Helga Marit, Nikolai og Einar og representerte Færø-slekta denne laurdagen. Dei gjekk runden i staden for å springa. Heldigvis, då hadde dei andre ein sjans!



Stanley Hauge går gjennom lista før start. – Det er så kaldt. Eg frys sånn på fingrane, seier den rutinerde Eikanger-arrangøren, som likevel var litt urutinert i møte med kong vinter.





Geir André Bjørsvik og Stanley Hauge gjør siste finpuss før start. I midten står Arvid Hauge.





Denne nissen var klar for å springe.



Det var nisseløp, men berre éin nisse møtte opp! Her er det mange som må gå i seg sjølv. Neida.





Starten går for dei som spring – og det går unna på det sleipe føret.



«Mannen med den gyldne pistol» heitte Bond-filmen. Ein skal heller ikkje kimse av startpistolen til Bjørn Jakob Bjørsvik. Dette har han gjort tallause gonger før, og jammen klarte han å sende løpegjengen ut på ein runde også denne dagen.





Maria og Solveig fiksa ei improvisert mållinje.



Strilen sin spreke journalist, Anne-Lise Nordpoll, var også lett på tå denne ettermiddagen.





Den spreke Aks-77-løparen Eivind Langøy spurtar i mål til ein andre plass.





Så kom dei mål ein etter ein..



Stanley Hauge fangar dei fleste i kameralinsa si.





Sandi kjem ikkje med på resultatlista, men også ho fullførte «brua rundt». Den 14 år gamle blandingshunden hadde også pynta seg for anledninga. Ho får topp karakter frå Strilen sin utsende!



Grethe Titland hadde kledd seg standsmessig. Oppe i kipa hadde ho med seg ein tradisjon.





– Arrangørane får presang av oss til kvart juleløp. Sånn har vi hatt det i mange år. Vi må ha ei oppmuntring til dei (Stanley Hauge og far og son Bjørsvik), for dei har stått på i mange år. Det er meg og ei venninne som står bak, men ho er sjuk i dag, seier Titland.





Det unge bergenstalentet Idar Odland vann også denne gongen. Han har ei mor som er frå området,, og rømmer derfor jamleg til landet for friisk luft og karusellsigrar!



Etter løpet var det sjokolade og klementinar til alle.





Startnummeret må inn att! Vinterkarusellen har halde på i over 40 år, og skal truleg halde fram i mange år endå. Då må utstyret vere på stell.



Grethe Jørgensen stilte som mange gonger før. Og som mange gonger før, var ho den raskaste av damene.





– Du har nissehua, eg må ta bilde av deg, sa Strilen sin utskremde. Arve Henningsen hadde ikkje anna enn å lya. Fotografen burde nok tatt også eit bilde der ikkje auga var på tur opp eller ned, men pytt pytt, det går nok bra.



Eivind Langøy sprang fort og kom på andreplass. Men kritisk som han er, var han likevel ikkje heilt nøgd. Han spring for Aks-77 og er ute og trimmar sju av sju dagar i veka.



Stanley får gåve for innsatsen han gjer med Vinterkarusellen.





Også Geir André Bjørsvik fekk ei lita gåve.



Isak (5 1/2) og Mali (4) var litt beskjedne då Strilen kom bortom, men vi veit frå sikre kjelder at dei var svært kry over dagens fangst i Vinterkarusellen.





Arvid Hauge har alltid eit smil på lur.

Publisert: 10. desember 2022 17:24

Oppdatert: 10. desember 2022 20:36

Eikanger

Friidrett

Mosjon

Løping

Mest lest akkurat nå